

Ordskipfte

INNLEGG 4000 ELLER 2500 TEIKN REPLIKK 1000 TEIKN

«Er du svart, set dei deg på tre månaders prøvetid og tilbyr deg 400 dollar i veka.»



Trælane på jorda

AUSTRALIA
BJØRN EGIL FLØ
TRONDHEIM

Når prisen for å bu i ein ombygd kjølekonteinar i ein småby langt borte i Western Australia er høgare enn det du betalar for eit penthouse i Sydney Harbour, må sjølv dei mest einfaldige av oss forstå at noko er gale. Men ministrane står apatiske i ring som vitne til ei valdtekt av ein småby dei sjølve har selt for småpengar til grådige gruveselskap.

Det som vert sett på som Australias andre gruveboom, slår positivt ut på nasjonalbudsjettet og er lukrativ business for cowboyane i den australske entreprenørbransjen, men i kjølvatnet flyt lika av aboriginar og andre som budde her før invasjonen og som ikkje makta køyret.

Karratha er ein moderne liten småby omgjeven av eit forhistorisk landskap der matjorda har trekt seg tilbake og avslørt sletter av salt og stein med ei verdifull jarnåre like opp i dagen. Ressursboomen har sett det tidlegare nærast ignorerte Western Australia i førarsetet for den økonomiske utviklinga i landet, gruveselskapet Pilbara Iron vert som sjølv motoren å rekne.

Det finst arbeid til alle i det store gruveselskapet, vert det sagt, i tillegg finst det hundrevis av underleverandørar og kontraktørar som stadig treng folk. Og kvar veke kjem det busslastar med folk som vil arbeide og kvar veke reiser folk derifrå, folk som har fått nok.

Den som ønskjer seg hit, bør likevel hugse at dei truleg må ut med ein kvart million kroner berre i husleige i året, om dei i det heile finn ein stad å bu. For sjølv om gruveselskapet har lova å skaffe husrom til alle, er det ingen ting ledig for dei som jobbar for underleverandørar eller innanfor offentlig sektor og mindre lukrative serviceyrke.

Tyson Mowarin, ein av dei få som har vakse opp her og som gjerne skulle ønskt å kunne halde fram å bu her, fortel at han vart tvinga lenger og lenger ut i periferien på grunn av det ekstreme prisnivået på eigedom.

– Frå det siste husværet vi hadde, vart vi kasta ut på ein dags

varsel, fortel Tyson og legg til at husverten slett ikkje tok omsyn til at kona venta deira fjerde barn. Verten hadde nemleg fått tilbod frå gruveselskapet og kunne ikkje ta smålege omsyn. No er det ingeniørar frå Melbourne og Sydney som flytter inn og ut av det gamle husværet til Tyson; sjølv bur han saman med kona og fire born i ein gamal bubil på ein campingplass ei mil nord for byen.

Tre år før hadde Tyson og familien forhøyr seg om lån for å kjøpe hus i Karratha, men banken hadde sagt at som aborigin laut han skrinleggje den draumen. Om gruvane kan lokke kvite australiarar med lovnader om store pengar, tilbyr dei berre småpengar til aboriginarar som gjer same jobben.

– Eg arbeidde der i eit år, fortel Tyson.

Få av dei lokale held ut meir enn eit år. Ikkje fordi arbeidet er for hardt, men fordi fornedringa ikkje er til å leve med.

– *They made us indigenous fellas*

jump through a lot of hoops, seier han og fortel om ulike arbeidsregime for kvite og svarte australiarar.

– Er du svart, set dei deg på tre månaders prøvetid og tilbyr deg 400 dollar i veka; dei kvite går rett inn utan prøvetid og mottek 1000 dollar for same jobben», fortel Tyson vidare.

I tillegg vert dei meir enn dobbelt straffa for reglementsbrøt.

– Køddar du det til, er det på hovudet rett ut og svartelista over alt; kvite derimot får berre tilsnakk og ny sjanse.

Etter sju månader vart fornedringa for stor. Å stå skulder til skulder med kvite som fekk 1600 dollar for same jobben som han sjølv berre fekk 800 dollar for, vart rett og slett for mykje for Tyson Mowarin, som trass i 56 timar i veka med bergboring ikkje greidde å svare auken til husverten i husleiga.

– Dette er kvardagen i dei australske gruvebyane anno 2007, førti år etter «the 1967-referen-

dum», som skulle godkjenne aboriginarane som menneske på line med euroaustralalarane. I rapportane frå gruveselskapa sjølve finn me pompøse formuleringar om «Social Sustainability» og «Responsible Social Development in Mining». Men vitjar du ein gruveby, finn du at rapportane er einast kulisser skapte for å tilfredsstille byråkratiske papphandar og politiske klovnar i Canberra. At Max

Weber for mange, mange år sidan lærde oss at ei av dei viktigaste oppgåvene til staten var å bygge institusjonar for å sikre og forsvare folks rettar, ser ut til å ha drukna i laboratoria til prestisjeøkonomane for den nye økonomien.

Bjørn Egil Flø er forskar ved Norsk senter for bygdeforskning og har nyleg avslutta eit lengre forskaropphald i Australia.

Har du tipsa og ikkje fått premie?

Ein del av alle dei som har tipsa oss om «typiske Dag og Tid-lesarar som ikkje les Dag og Tid», har gløymt å skrive på eige namn og adresse. Dermed har vi dessverre ikkje kunna sende ut alle bok- og flaxloddpremiane som vi har lova ut. Dersom du ikkje har fått premien du har venta på, ber vi om at du kontaktar oss og opplyser kven du har tipsa om.

Helsing administrasjonen

DAG OG TID

Abonnement: Send inn denne kupongen, send e-post til tinging@dagogtid.no eller gå til

www.dagogtid.no

Tilbod til studentar: 40% rabatt

JA, eg tingar Dag og Tid i eit halvt år!

Studentpris 372,- Vanleg pris 620,-

NAMN: _____

ADRESSE: _____

POSTNR./POSTSTAD: _____

TELEFON: _____ E-POST: _____

Adressaten betaler for sendinga i Noreg



Vert distribuert av Posten Norge AS

DAG OG TID AS

Svarsending 0091
0090 Oslo